

Til naboar,  
Berørte parter,  
Offentlege og private høyringspartar.

Dykkar ref.:

Vår ref.: P14008/AH

Dato: 06.05.14

## **VARSEL OM OPPSTART PLANARBEID**

### **UTARBEIDING AV REGULERINGSPLAN/REGULERINGSENDRING FOR GNR 28 BNR 63, 90, 95., KVALHEIMSNESET, RADØY KOMMUNE.**

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-1, 12-8 og 12-14, blir det varsla igangsetting av endring av reguleringsplan for del av gnr. 28, bnr. 63, 90, 95, Kvalheimsneset, Radøy kommune.

Med privat reguleringsendring skal ein forstå:

Privat reguleringsplan etter *Plan og bygningslova* kapittel 12, der privat grunneigar, tiltakshavar (utbyggjar) m. fl. tar initiativ, avklarar dette med kommunale styresmakter, og dernest utarbeider planen. Framlegg til plan blir sendt til kommunen, som dernest tar over ansvaret for sakshandsaminga med innhenting av merknader til planen og eventuelt krev endringar i planen før den blir lagt fram for vedtak i kommunestyret.

#### Forslagsstillar

Forslagsstillar er Kvalheim Fritidssenter AS.  
OPUS Bergen AS er utførande konsulent for planlegginga.

#### Planområdet

Planområdet er avgrensa som vist på vedlagte kartutsnitt, og utgjer om lag 61,6 daa, og grensar til ubygd LNF-område i nord og vest. I sør grensar planområdet til Radøytunet, regulert til campingplass og gjestehus/serveringsstad. I aust grensar området til sjø (Kobbevangen).

#### Planstatus

Planområdet er regulert til campingplass i gjeldande plan. I gjeldande kommuneplan er området avsett til næringsformål.

### Formål

Formålet med planen er å legge til rette for vidare utvikling av området som fritidssenter med ei blanding av private hytter, private hytter med utleigedel og utleigehytter samt opparbeiding av uteområde med ballplass og leikeplassar. Strandsona vil vere offentleg tilgjengeleg.

### Verknad av planen:

Reguleringsplanen vil legge rammene for gjennomføringa av tiltaka.

### Informasjon, medverknad og merknader:

For nærare informasjon kontakt OPUS Bergen AS, tlf. 55 21 41 50, faks 55 21 41 60, e-post [post@opus.no](mailto:post@opus.no). Merknader til planarbeidet kan sendast til nemnde e-postadresse eller per post:

OPUS Bergen AS,  
Strandgaten 59,  
5004 Bergen

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknader til Radøy kommune, då dette blir gjort av OPUS Bergen AS. Alle mottekne dokument, merknader og liknande blir sendt kommunen saman med planframlegget.

**Frist for merknader er sett til : 01.06.14**

### Vidare saksgang:

Etter at meldingsfristen er ute vil planframlegget bli utarbeidd og sendt til Radøy kommune for handsaming.

Venleg helsing



Torunn Johanna Rosnes  
Opus Bergen AS

Vedlegg: Kartskisse

**Kartskisse over planområdet**  
**Gnr 28 bnr 63, 90, 95,**  
**Kvalheimsneset, Radøy kommune**

